

Forskar forbundet ved UiO

NTL ved UiO

Parat ved UiO

Akademikarane ved UiO

Dato: 08.09.2020

Dykkar

ref.:

Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 08.09.2020

Grunna Covid-19 vart møtet gjennomført via den digitale plattforma Zoom.

Frå organisasjonane

- Caroline Hals – NTL
- Tina Næss og Helene Amundsen Nissen-Lie – Akademikarane
- Cecilie Wingerei Lilleheil og Maren Ringstad – Forskar forbundet
- Mari Gakkestad – lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Kari Henriksen – fakultetskoordinator for rehabiliteringa av Eilert Sundts hus (deltok under sak 1)
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Sakspapira til styremøtet lagt ut på denne nettsida:

<https://www.sv.uio.no/om/organisasjon/styret/moter/2020/2020-09-11/11.09.20.html>

Drøftingssaker

1. Oppussing av Eilert Sundts hus (ESH)

Henriksen orienterte kort om status i saka, presenterte nettside med informasjon til dei tilsette (<https://www.sv.uio.no/om/oppussing-av-eilert-sundts-hus/>), plan for utflytting frå ESH og erstatningslokaler på Ullevål.

Fakultetsdirektøren sa at i tillegg til Ullevål vil det truleg vera behov for fleire kontorplassar, og at Eigendomsavdelinga (EA) jobbar med dette.

Verneombodet fortel at mange tilsette er uroa for at dei ikkje vil få fast kontorplass, at arbeidsmiljøet skal forvitra då mange kanskje vil sitja på heimekontor, og at enkelte vil seie opp



Fakultetsadministrasjonen

Postadr.: Postboks 1084 Blindern, 0317 Oslo
Kontoradr.: Eilert Sundts hus 3. et., Moltke Moes vei 31, 0851 Oslo

Telefon: 22 85 62 64
Telefaks: 22 85 48 25
postmottak@sv.uio.no
www.sv.uio.no
Org.nr.: 971 035 854

stillinga si.

Fakultetsdirektøren sa at fakultetet vurderte å ha eit webinar eller liknande der dei tilsette kunne stille spørsmål. Vidare at fakultetet hadde meldt til EA eit behov for om lag 300 kontorplassar og at Ullevål dekte om lag halvparten av dette. Samstundes er ein usikker på om talet er for høgt då mange har sidan mars i stor grad har nytta heimekontor og at dette truleg vil fortsetje i 2021.

2. Ny stilling ved PSI

Vedlagt innkallinga:

- a) Notat om bakgrunn og organisatorisk plassering av ny stilling som forskingsadministrativ
- b) leiar Notat til styret
- c) Kunngjeringstekst

Fakultetsdirektøren orienterte kort om den nyopprettet stillinga.

Organisasjonane støttar kunngjeringa.

3. Utkast til årsplan 2021-2023

Sakspapira vart lagt ut på nettsida til styremøtet.

Fakultetsdirektøren gjekk kort igjennom hovudpunktene i årsplanen og kva som skilde den i form frå tidlegare årsplanar. Den er kortare, tiltaksorientert og meir konkret.

Forskarforbundet saknar fleire tiltakspunkt knytt til forskingsetikk. Vidare støttar dei arbeidet med at ein vurdere tiltak for å styrke helsetilbodet for stipendiatar, men ser fram til å få vite meir om kva dette inneber konkret. Til slutt er dei nøgde med at ARK så tydeleg er kome inn i årsplanen.

Akademikarane støttar Forskarforbundet sitt innspel, og er særleg positive til at det vert vurdert tiltak for ei meir heilskapleg forståing og tiltak for å støtte opp om stipendiatane.

4. Fordeling 2021

Sakspapira vart lagt ut på nettsida til styremøte.

Fakultetsdirektøren gjekk kort igjennom den foreløpige fordelinga for 2021.

Akademikarane spurte om det er ein plan for korleis ein skal handtere justeringar i dei økonomiske disponeringane i kjølvatn av Covid-19. Kan det til dømes tenkjast at innsparingar på midlar som skulle vore bruk til reiseverksemd kan nyttast som del av ei tiltakspakke for forlengingar av stipendiatar og postdoktorar.

Fakultetsdirektøren seier at alle søknader om forlenging som følgje av Covid-19 vil bli handsama individuelt og vurdert med utgangspunkt i dei kriteria som UiO har sett. På spørsmål om status for søknadshandsaminga ved institutta, kva dei har lagt til grunn, om lokal økonomi har vore avgjerande for utfallet og kor langt institutta er komne i søknadshandsaming for stipendiatar som ikkje er finansiert av NFR, kan fakultetet på noverande tidpunkt ikkje svare på desse spørsmåla då ein ikkje har god nok kjennskap til dette. Ein ber om å få kome

attende til saka i seinare møte.

Informasjonssaker

A. Fakultetsstyremøte 11. september 2020

Organisasjonane hadde ingen merknader til dei resterande sakene til styremøtet.

B. Forlenging av stipendiatar og postdoktorar

Fakultetsdirektøren orienterte om prosessen ved UiO, fakultetet og institutta i denne saka. Sakshandsaminga har vore gjort ute på einingane.

Forskarforbundet stiller spørsmål til lokal handsaming, og faren for ulik vurdering av søknadane. Har einingane vurdert elles like søknader ulikt ut frå den økonomiske situasjonen ved den enkelte eining?

NTL har registrert manglande informasjon ut til stipendiatane.

Fakultetsdirektøren syner til at kriteria frå UHR, NFR og UiO sentralt er lagt til grunn, og at i tillegg så har tre instituttleiarar laga eit støttedokument med felles forståing av dei sentrale kriteria slik at ein i størst mogeleg grad skal få likebehandling på tvers av einingane. Vidare vil det ikkje bli gjeve forlengingar på gruppenivå då alle søkerne skal handsamast individuelt.

Forskarforbundet minner fakultetet om at informasjon ut til stipendiatar og postdoktorar også må gå ut på engelsk. Vidare ber ein fakultetet kome attende til IDF med denne saka på eit seinare tidspunkt.

C. Oppfølgjing av styrevedtak om ARENA Senter for europaforskning

Fakultetsdirektøren informerer at det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på den økonomiske- og administrative delen av ARENA. Gruppa er samansett av økonomar i økonomiseksjonen ved SV, fakultetsdirektør og kontorsjef ved ARENA. Dei skal sjå på talgrunnlaget og kva tiltak ein kan gjere ved ARENA. Gruppa skal leggja fram eit notat i slutten av september.

Forskarforbundet er positive til at ein brukar tid på å gjennomgå beslutningsgrunnlaget når ein skal vurdere framtida til ARENA.

Akademikarane støttar Forskarforbundet i dette.

D. Koronapandemien

Fakultetsdirektøren orientere kort om situasjonen ved fakultetet. Det er framleis mange som jobbar frå heimekontor. Undervisninga er i all hovudsak digital dette semesteret og fakultetet er i gang med å planlegge digital undervisninga for neste semester. Ein ser på korleis ein kan frigjera store rom som kan nyttast til koronatrygg gruppearbeid, slik at ein også kan få til fysiske møter mellom studentane.

Forskarforbundet etterspør reglar for opphavsrett på digital undervisning.

Fakultetsdirektøren er samd i at dette må på plass, men at dette ikkje er eit arbeid som bør gjerast lokalt.

E. Personalsituasjonen

Den sentrale helpdesk-en er forlenga ut året, og fakultetet vil avsjå to årsverk til dette.

Kontorsjefen ved PSI skal ut i pappapermisjon i 6 månader og fakultetet har byrja arbeidet med å finna ein vikar.

Personalrådgjevar Mette Frydental skal jobbe ved Det medisinske fakultet i eit år, og Helle Fritzsønn er kome inn som vikar.

F. Saker til gjensidig orientering

Forskar forbundet ber om tilbakemelding på arbeidet med arbeidsmiljøet ved SAI.

Fakultetsdirektøren vil kome tilbake til dette i neste møte.

Verneombodet er uroa for at det har vore stort arbeidspress på administrasjonen, særleg studieadministrasjonen, ved heile fakultetet grunna koronasituasjonen. Ber fakultetet leggje fram tal på bruk av overtid i denne gruppa på neste møte.

Med helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Aud-Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:
Aud-Jorunn Sandal
+4722858224, a.j.sandal@sv.uio.no